

Lita skrift Snøsmoking

Det er ingen løyndom. Den ein-skildårsaka som fører til flest hjarteinfarkt hjå mellomaldrande og eldre, er snøsmoking. «Vi vet at det i våre nordiske land er høyst forekomst av akutte hjarteinfarkt på den kaldeste tiden av året. (...) Det er veldig sannsynlig at mye av denne effekten skyldes virkningen av kulde på blodtrykket», seier Helge Istad, som er spesialist i indremedisin til nettstaden ABC.

«Snøsmoking, særlig måking av tung våt snø, er en meget tung fysisk aktivitet. Det er ikke få personer som har fått sitt første hjerteinfarkt etter slik aktivitet», legg han til og fortel at blodårene trekkjer seg saman i kulde. Det skal heller ikkje leggjast skjul på at underskrivne går på betablokkarar, rett nok i låg dose.

«Men læll!» som Trine Skei Grande plar seia.

Eg har ansvar for å få bort snøen på eit område som dekkjer vel 200 kvadratmeter. Difor kjende eg på ei viss uro då eg kom heim att no tysdag. Det hadde kome 35 cm nysnø. Heldigvis kom dotter mi på femten heim samstundes som eg. Eg gav klar ordre.

– Du må nok moka. Eg må hjelpa veslebror din med lekse. Dessutan har eg ikkje blodtrykk til slikt.

Så gjekk eg inn. Det gjekk eit kvarter. Ei rasande dotter kom inn. «Se hva du har gjort med uggs-ene mine!»

Dei som ikkje veit kva uggs er, lyt slå opp. Så storma ho opp på romet sitt og smelte att døra. Det var ikkje anna råd, eg måtte sjølv taka ansvar. Eg las meg opp på internett. Mellomaldrande menn må kle seg godt før dei går ut og mokar, stod det der. Eg kledde meg godt. Etter tre minutt dreiv sveitten. Det enda med at eg stod der i ein tynn bomullsgenser. Eg kunne ha moka i bar overkropp, men av omsyn til grannelaget lét eg vera.

Etter ein og ein halv time var eg ferdig både i bokstavleg og metaforisk tyding. Eg fekk ikkje hjarteinfarkt sjølv om eg eksponerte blodtrykket mitt for kulde.

«Ser du, pappa», sa dotter mi då eg kom inn. «Du har ikkje problem med blodtrykket. Neste gang kan du gjøre alt selv!»

J.H.

Arkivert

At julbodskapen skulle vera eit fribrev til å bombe, deportera og skyta vilt, overgår langt det vi lærte i bibelsogetimane før i tida.

Redaktør Asgeir Olden
i Dag og Tid 7. januar 1988

Uavgjort klimasak

Miljøorganisasjonane tapte klimasøksmålet mot staten, men vann slaget om miljøparagrafen i Grunnlova. Siste ord er ikkje sagt.

KLIMASØKSMÅL

EVA AALBERG UNDHEIM
eva@dagogtid.no

Det gjekk som mange venta. Greenpeace, Natur og Ungdom og Besteforeldrenes klimaaksjon tapte klimasøksmålet mot staten. Oslo tingrett meiner regjeringsvedtaket frå 2016 om å dele ut ti nye løyve til å utvinne olje i nye område i Barentshavet, ikkje er i strid med miljøparagrafen i Grunnlova – paragraf 112.

Paragrafen seier at alle har rett til eit helsesamt og mangfaldig miljø der naturressursar vert forvalta ansvarleg, at denne retten òg skal tryggast for komande slekter, og at statlege styresmakter er pliktige til å setje i verk tiltak for å syte for at det skjer.

Hovudargumentet til staten – at miljøparagrafen ikkje gjev individ og organisasjonar rettar som kan avgrense politisk styresmakt og hindre vedtak og handlingar som inneber risiko for negative verknader for miljøet – vart likevel avvist.

Tingretten slår fast at paragraf 112 «er en rettighetsbestemmelse som kan innebære at vedtak som det aktuelle er ugyldig», men kjem likevel til at staten ikkje har brote retten i paragrafen i dette tilfellet.

Dommen i det som var Noregs fyrste klimasøksmål, kan sjåast som ein delviser for miljøørsla. Dei tapte søksmålet om utvinningsløyva, men vann slaget om miljøparagrafen. I alle fall for no.

Utfallet frå ein tingrettsdom er derimot lite verd som rettsleg argument i andre saker. For å kome dit må saka til Høgsterett. Fleire juristar meiner difor at miljøorganisasjonane bør

anke dommen, både for å få ei meir bindande avklaring og fordi dei meiner tingrettsdommen har andre punkt som er veike og til dels motstridande.

Inge Lorange Backer har vore ekspedisjonssjef i Lovavdelinga i Justisdepartementet i 14 år og jobba i Miljøverndepartementet i to periodar. I dag er han professor emeritus ved Institutt for offentlig rett ved Universitetet i Oslo, med lovgjevingslære og miljørett som spesialfelt. Han er ikkje overraska over at miljøorganisasjonane ikkje vann fram, men ser gode argument for å anke.

– Frå fagleg hald er det eit alminneleg synspunkt at dommen bør ankast.

SER VEKK FRÅ EKSPORT

Miljøorganisasjonane argumenterte for at dei ti utvinningsløyva i Barentshavet har irreversible miljøskadeverknader og ikkje går overeins med behovet for å redusere verdas og Noregs CO2-utslepp. I tillegg meiner dei vedtaka bak løyva byggjer på så grove sakshandsamingsfeil at dei bør gjerast ugyldige av den grunn òg.

Konklusjonen frå tingretten er at inngrep med negativ konsekvens for miljøet berre kan kjennast ugyldige etter paragraf 112 dersom dei er «av et visst omfang», og dersom det ikkje er sett i verk «adekvate og nødvendige» avhjelpande miljøtiltak – og at ingen av delane er oppfylte for utvinningsløyva i Barentshavet. «Risikoen både for (tradisjonell) miljøskade og klimaforverring som følgje av Vedtaket er begrenset, og avhjelpende tiltak er tilstrekkelige», seier dommen.

For å kome til den konklusjonen legg tingretten til grunn

at CO2-utslepp frå norsk olje og gass som vert eksportert til utlandet, ikkje skal takast med i vurderinga av om paragraf 112 er broten. Grunngevinga er at norske styresmakter ikkje har tiltak for å redusere utslepp utanlands, og at dei folkerettslege pliktene etter både Kyotoavtalen og Parisavtalen òg er knytte opp til nasjonale utsleppsmål.

Når det gjeld utslepp innanlands, understrekar tingretten at norske CO2-utslepp berre utgjør 1,5 promille av utsleppa globalt, og at dei ti utvinningsløyva «innebærer bare helt marginal økning av totale norske utslipp for petroleumssektorens andel».

Retten avviser òg at vedtaka om utvinning byggjer på faktafeil. Det vert gjort gjennom ein argumentasjon Backer kallar «litt for lettvin».

– Frå fagleg hald er det eit alminneleg synspunkt at dommen bør ankast.

Inge Lorange Backer, jussprofessor

– FULLSTENDIG SKIVEBOM

Det som har skapt mest diskusjon i dei juridiske miljøa, er likevel at tingrettsdommen ser vekk frå utsleppa frå eksportert olje og gass. Det er den svakaste sida ved dommen, ifølgje Backer.

– Resonnementet til retten her gjer at paragraf 112 mistar heilt verdi i klimaspørsmål. Det er ein såpass urimeleg konsekvens at det i seg sjølv er grunn til å få saka vurdert på nytt. Det er ikkje grunn til at ansvarsfordelinga etter internasjonalt avtaleverk skal vere avgjerande for tolkinga av Grunnlova. Vi har mange døme på at norsk rett går lenger i å setje miljøkrav og -rettar enn det vi har folkerettsleg plikt til, seier han.

Jan Fridtjof Bernt, som er professor emeritus ved juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen, jamfører tolkinga til tingretten med det å ikkje ta ansvar for skadeverknadene ved å skyte opp ein rakett så lenge han landar i eit anna land.

Argumentet om at dette følger av at Noreg gjennom folkeretten berre står ansvarleg for klimautslepp på eige territorium, bles han av.

Bakgrunn

KLIMASØKSMÅLET

■ Greenpeace, Natur og Ungdom og Besteforeldrenes klimaaksjon saksøkte staten for å dele ut ti nye løyve til å utvinne olje i nye område i Barentshavet.

■ Dei meinte utvinningsløyva var i strid med den nye miljøparagrafen i Grunnlova, paragraf 112, men fekk ikkje støtte i Oslo tingrett.

■ Miljøparagrafen er frå 1992, men vart spissa og flytta inn i menneskerettskapittelet i Grunnlova ved revisjonen i 2014.

■ Dette var fyrste gong miljøparagrafen vart prøvd for ein domstol.

– Det er fullstendig skivebom, for det handlar om to ulike spørsmål. Det eine er kva Noreg har forplikta seg til overfor andre land gjennom avtalar. Det andre er kva Stortinget har forplikta seg til overfor borgarane i sitt eige land gjennom Grunnlova, seier Bernt.

– Vert konklusjonen annleis om utslepp utanlands vert rekna inn?

– Då må det vurderast kva som skjer ute i verda dersom vi ikkje vinn ut olja. Så lenge vi sel olje til land som er bundne av internasjonale avtalar, er det ikkje sikkert det vert mindre utslepp av det. Men dette er vanskelege spørsmål, og eg har ikkje svara. Innvendinga mi er dette ikkje utan vidare kan springast over som irrelevant. Høgsterett må ta stilling til korleis desse spørsmåla skal vurderast, seier han.

Jussprofessor Hans Petter Graver ved Universitetet i Oslo reagerer òg på at tingretten marginaliserer norske utslepp i global kontekst. Det riv grunnen under alle norske klimatilak, argumenterer han i ein kronikk i Morgenbladet.



Skal Greenpeace anke, er det ikkje for å teste rettane i miljøparagrafen i Grunnlova. – Utgangspunktet vårt er å stoppe leitning etter olje vi meiner klimaet ikkje toler, seier Truls Gulowsen. Foto: Eva Aalberg Undheim